

## Samtykkeerklæring frå kommunane

### HMS – RUTINAR PÅ UKM – FESTIVALEN I HORDALAND

Hordaland fylkeskommune har ansvar for UKM Hordaland og er ansvarlig arrangør for UKM-festivalen i Hordaland 2017. Tryggleik og sikkerhet for deltakarar og publikum har høgast prioritet, og Hordaland fylkeskommune og kommunane må samarbeide nøye om dette.

- 1) Det er kommunane sitt ansvar at deltakarane / foreldre til deltakarar har signert samtykkeskjema om at de vil følgje dei ordensreglane som er utarbeida av Hordaland fylkeskommune, og som gjeld for festivalen.
- 2) Hordaland fylkeskommune har utarbeida eit infoskriv for deltakarar, samt info til reiseleiarar som inneheld reglement og annan viktig informasjon. Dette vert lagt ut på ukm.no/Hordaland og kommunane har ansvar for vidare distribusjon til alle deltakarar og reiseleiarar.
- 3) Hordaland fylkeskommune har utarbeida vakt- og brannrutinar for overnattingsstaden som vert fylgt opp og loggført av vaktmannskap. Hordaland fylkeskommune tek ansvar for at det er vaksne tilstade frå Hordaland Røde Kors for deltakarane på kveld og natt (kl.20:00 – 10:00).
- 4) Alle deltakarar skal ha gyldig reiseforsikring. Det er dei einskilde kommunane sitt ansvar å sjekke at deltakarane / foreldre til deltakarar har krysset av for dette i samtykkeskjemaet. Alle lokalarrangørar har fått tilsendt eit samtykkeskjema til deltakerane, og skal stadfeste ovanfor Hordaland fylkeskommune at desse er ordna. Kommunane treng ikkje sende samtykkeskjema frå deltakerane i retur til Hordaland fylkeskommune.
- 5) Alle leverandører til festivalen skal underteikne ei erklæring om at
  - a. Alt utstyr som vert nytta i forbindelse med leveransen er montert, sikra og sertifisert i hht. til gjeldande forskrifter.
  - b. Alt personell har de nødvendige kurs og sertifikat.
  - c. Leverandøren har ansvars- og ulykkesforsikring som trer i kraft dersom uhell skulle inntreffe.

### ERKLÆRING I FORBINDELSE MED DELTAKING PÅ UKM-FESTIVALEN I HORDALAND 2017

Kommune: Fjell kommune

Vi erklærer med dette at

- a) Vi aksepterer pkt 1) – 5) om HMS-rutinar på UKM-festivalen i Hordaland.
- b) Vi har mottatt og lest infoskrivet og er kjent med ordensreglane som gjeld.
- c) Alle våre deltakarar har fått beskjed om at dei skal ha gyldig reiseforsikring.
- d) Vår ansvarlige hovudleiar under festivalen er:

Namn Arnt O. Skansen Mobil: 97 77 7318

Stad / dato: 10.04.2017

Ansvarleg signatur: Bjørn Andersen